

# KOMMUNEDELPLAN FOR NÆRING OG KOMPETANSE 2015 - 2023



# INNHALDSLISTE

|                                                                     |           |
|---------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1.0 Innleiing.....</b>                                           | <b>3</b>  |
| <i>Visjonen i Kommuneplanen.....</i>                                | <i>4</i>  |
| <i>Hovudmålet i Kommuneplanen.....</i>                              | <i>4</i>  |
| <b>2.0 Bakgrunn.....</b>                                            | <b>5</b>  |
| <i>Næringstypar i Noreg.....</i>                                    | <i>6</i>  |
| Næringstypar i Kvam.....                                            | 7         |
| Basisnæringar i Kvam.....                                           | 8         |
| Besøksnæringar i Noreg.....                                         | 9         |
| <b>3.0 målsetjing .....</b>                                         | <b>11</b> |
| 3.1 Innleiing .....                                                 | 11        |
| 3.2 Hovudmål .....                                                  | 11        |
| <b>4.0 Satsingsområde.....</b>                                      | <b>12</b> |
| 4.1 BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI ..... | 12        |
| Utfordringar og moglegheiter .....                                  | 12        |
| Mål og strategiar .....                                             | 13        |
| 4.2 UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER .....       | 15        |
| Utfordringar og moglegheiter .....                                  | 15        |
| Mål og strategiar .....                                             | 16        |
| 4.3 SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID .....                   | 17        |
| Utfordringar og moglegheiter .....                                  | 17        |
| Mål og strategiar .....                                             | 18        |
| 4.4 STYRKA DET ETABLERTE OG UTVIKLA DET SÆREIGNE.....               | 19        |
| Utfordringar og moglegheiter .....                                  | 19        |
| Mål og strategiar .....                                             | 20        |
| 4.5 SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING.....            | 21        |
| Utfordringar og moglegheiter .....                                  | 21        |
| Mål og strategiar .....                                             | 22        |
| <b>5.0 OVERORDNA PLANAR OG DOKUMENT .....</b>                       | <b>24</b> |


## 1.0 INNLEIING

Kvam heradsstyre vedtok juni 2013 planprogrammet for ny kommunedelplan for næring og kompetanse. Denne kommunedelplanen skal erstatte gjeldande strategisk næringsplan for Kvam 1997 -1999.

Telemarksforskning har laga ein ny rapport for næringsutvikling og attraktivitet for Kvam, TF-notat nr. 48/2013. Samandraget av rapporten viser at Kvam har hatt ein nedgang i talet på arbeidsplasser dei siste 10 åra, medan resten av landet har hatt ein kraftig vekst. Nedgangen har ramma basisnæringane i Kvam, særleg industri og landbruk. Telemarksforskning peikar på at hovudårsaka til nedgangen er at Kvam har hatt ein uheldig næringsstruktur, med store deler av næringslivet i bransjar med nedgang. Trass i dette har Kvam herad hatt ein befolkningsutvikling som er betre enn forventa ut i frå arbeidsplassutviklinga og Telemarksforskning slår dermed fast at Kvam herad er ein attraktiv kommune å bu i.

Kvam ligg som nr. 5 i Hordaland i følgje NHO's nærings NM for 2013 (lønnsemd, vekst, nyetablering, næringslivet sin størrelse). Potensial for forbedring ligg i nyetablering og vekst.

Kvam herad har nokre utfordringar som næringsplanen og utviklinga i kommunen må prøva å løyse.



- Kva er Kvam herad sine mål med omsyn til næring
- Kva er Kvam herad si rolle som tilretteleggjar og samarbeidspartnar, korleis legg kommunen best til rette for næringslivet?
- Kva er dei konkrete tiltaka for å nå visjon og mål
- Kva for strategi og virkemiddel skal ein nytta for å nå måla
- Kva er dei viktigast prioriteringane?
- Kva kan me få til gjennom samarbeid?

Kvam herad ynskte ei sterk involvering av næringslivet gjennom eit samarbeid med Kvam Næringsråd for ein best mogleg plan. Det vart etablert 9 arbeidsgrupper med 3 fellessamlingar. Alle gruppene har kome med innspel og desse dannar grunnlaget for kommunedelplanen for næring og kompetanse 2015-2023.

Kvam herad ønskjer å takke alle som har bidrege for å få til ein ny kommunedelplan for næring og kompetanse i kommunen vår.

## **Visjonen i Kommuneplanen for Kvam**

---

**Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future**

## **Hovudmålet i Kommuneplanen for Kvam**

---

**Vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter som knutepunkt mellom Hardanger og Bergensregionen.**

---

## 2.0 BAKGRUNN

---

### Samandrag frå rapporten til Telemarksforskning

**Kvam har hatt nedgang i tal arbeidsplassar, medan resten av landet har hatt kraftig vekst dei siste ti åra.**

**Nedgangen har ramma basisnæringane i Kvam, særleg industrien og landbruket i kommunen.**

**Hovudårsaka til nedgangen er at Kvam har hatt ein uheldig næringsstruktur, med store delar av næringslivet i bransjar med nedgang. Befolkningsutviklinga har likevel vore betre enn forventa ut frå arbeidsplassutviklinga, og Kvam synest derfor å vera ein attraktiv kommune å bu i.**

Talet på arbeidsplassar i Kvam er lågare i dag enn det var i 2000. I denne perioden har resten av landet hatt ein sterk vekst i talet på arbeidsplassar. Talet på arbeidsplassar vart også redusert ganske mykje i 2012, og då spesielt i næringslivet. Den svake arbeidsplassutviklinga er fyrst og fremst eit resultat av svak utvikling i næringslivet. Den svake arbeidsplassutviklinga i næringslivet kan for ein stor del forklarast av at Kvam har ein uheldig næringsstruktur, der mykje av næringslivet har vore i bransjar som har nedgang i Noreg, medan det er ein liten del i vekstnæringar. Utviklinga har vore noko forskjellig i ulike delar av næringslivet. Det er fyrst og fremst basisnæringane som har hatt ei negativ utvikling, og nedgangen i tal arbeidsplassar i industri og primærnæringar har vore større enn bransjestrukturen skulle tilseia. I andre delar av næringslivet, som i besøksnæringane og dei regionale næringane, har utviklinga eigentleg vore forholdsvis god, bransjestruktur og folkeauken tekne i vurdering.

Det er likevel også positive trekk i næringslivet i Kvam. Lønnsemda i næringslivet er blant dei beste i landet, og Kvam gjer det ganske bra i NæringsNM, som rangerer næringslivet i kommunane etter etableringsaktivitet, lønnsemd, vekst og storleik. Kvam har også eit relativt høgt utdanningsnivå i næringslivet, samanlikna med andre kommunar i landet.

Befolkningsutviklinga vert naturlegvis prega av at kommunen har arbeidsplassnedgang. Kvam har netto utflytting til andre regionar. Innvandring frå utlandet har kompensert for dette og ført til vekst i befolkninga dei siste åra. Utflyttinga frå Kvam dei siste åra er faktisk lågare enn forventa ut frå arbeidsplassutviklinga. Dette indikerer at Kvam er ein attraktiv kommune å bu i. Folk i kommunen har i større grad valt å pendla ut av kommunen enn å flytta, som me ser av at talet på personar som pendlar ut av kommunen har auka ganske mykje.

---

## Næringstypar i Noreg

Somme deler av næringslivet kan me karakterisera som *basisnæringar*. Basisnæringar er dei delane av næringslivet som genererer inntekter utanfrå. Eksportnæringar er basisnæringar, men me kan også leggja til næringar som sel produkta eller tenestene sine ut av regionen, sjølv om salet ikkje er til andre land. Alle primærnæringane og stort sett all industri kan reknast som basisnæringar. Me kan også ta med tenester som konkurrerer i ein nasjonal eller internasjonal marknad, som IT, telekom og ingeniørtenester. Basisnæringane sysselsette 484 666 personar i Noreg i slutten av 2012. Utviklinga i basisnæringane blir påverka kraftig av konjunkturar og har gått i bølger. Dei siste to åra har veksten vore sterk.


*Besøksnæringar* er dei delane av næringslivet der kunden må vera personleg til stades. Butikkhandel (men ikkje internetthandel), servering, overnatting, opplevingar og personlege tenester er bransjar som me reknar som besøksnæringar. Årsaka til at me ønskjer å isolera besøksnæringane, er at dei vil reflektera om eit område er attraktivt å gjesta. Område som trekkjer til seg gjester frå andre område vil normalt få høgare etterspørsel, og dermed også fleire arbeidsplassar i besøksnæringane. Det vil vera ulike stadskvalitetar som gjer eit område attraktivt for besøk og for bedrifter i basisnæringane. Besøksnæringane sysselsette 376 524 personar i 2012. Besøksnæringane i Noreg voks raskt frå 2000 til 2007, men har stagnert etter det.

Den tredje og største gruppa kallar me *regionale næringar*. Denne kategorien inneheld bransjar som bygg og anlegg, engros- og agenturhandel, transport og forretningsmessige tenester. Dette er store bransjar, som ofte er knytte til regionen, men som er ganske ujamnt fordelt mellom enkeltkommunar.


Til *lokale næringar* blir privat verksemd rekna innanfor primærhelsetenester, skular, avfallshandtering og barnehagar. Dette er tenester som er knytte til lokalbefolkninga, og som i mange tilfelle er substituttar til dei kommunale tenestene. Dei lokale næringane kan me derfor sjå i samanheng med kommunal sektor. Det er

dei lokale næringane som veks raskast i Noreg, og dei er samtidig ganske upåverka av konjunkturane.

Stat og fylkessektoren utgjer den siste delen av arbeidslivet, og hadde 320 750 sysselsette i 2012.



Figur 1: Antall arbeidsplassar i dei ulike sektorane og næringstypene i Noreg i 2012.



Figur 2: Utviklinga i tal arbeidsplassar i dei ulike sektorane og næringstypene i Noreg frå 2000 til 2012, indeksert slik at nivået i 2000=100.

## NÆRINGSTYPAR I KVAM

Av figur 8 ser me at dei regionale næringane er store, med 28 prosent av samla sysselsetjing i kommunen. Det er noko mindre del enn på landsbasis, der delen er 33 prosent. Tal arbeidsplassar i kommunal sektor utgjer 27 prosent av sysselsetjinga i Kvam. Det er ein mykje høgare del enn på landsbasis, der delen er 18 prosent. Basisnæringane har 22 prosent av sysselsetjinga, det er noko over landsgjennomsnittet. Besøksnæringane har også tre prosent høgare del av sysselsetjinga i Kvam enn i Noreg. Det er relativt få arbeidsplassar i fylke og stat, desse to sektorane utgjer berre fire prosent i Kvam, mot 12 prosent på landsbasis.

I figur 4 ser me den indekserte utviklinga av arbeidsplassane innan dei ulike sektorane over tid. 2000-nivået er indeksert til å vera lik 100.

Tal arbeidsplassar i basisnæringane har falle med nesten ein tredjedel 2000 til 2012.


Det har også vore ein sterk nedgang i tal arbeidsplassar i stat og fylke, men denne nedgangen er ikkje så sterk i tal arbeidsplassar, ettersom det var få arbeidsplassar i utgangspunktet.

Tal arbeidsplassar i besøksnæringane i Kvam har auka med 13,5 prosent. Denne veksten skjedde frå 2000 til 2007. Etter det har det vore ein nedgang.


Dei regionale næringane har også hatt ein vekst på 13,1 prosent. Også i dei regionale næringane har det vore nedgang dei siste åra.

Tal arbeidsplassar i kommune og lokale næringar har hatt ein vekst på 6,8 prosent i perioden, og hadde eit ganske stort fall i 2012.

Fallet i tal arbeidsplassar i basisnæringane er utvilsamt det mest vesentlege. Kvam hadde ein svært stor del av arbeidsplassane sine i basisnæringane i 2000, og har faktisk framleis ein stor del sjølv etter den kraftige nedgangen. Det er dermed nedgangen i basisnæringane som har ført til at næringslivet samla sett har hatt ein reduksjon i tal arbeidsplassar sidan 2000.



Figur 3: Tal arbeidsplassar i dei ulike sektorane og næringstypane i Kvam i 2012.



Figur 4: Utviklinga i tal arbeidsplassar i dei ulike næringane i Kvam frå 2000 til 2012, indeksert med utgangspunkt i 2000.

## BASISNÆRINGAR I KVAM

Det var 872 arbeidsplassar i industrien i Kvam i 2000. I 2012 har talet falle til 569. Det har dermed forsvunne over 300 industriarbeidsplassar i dette tidsrommet.


Dei naturbaserte næringane, som i hovudsak består av landbruk har også hatt eit ganske kraftig fall. Det var 325 arbeidsplassar i naturbaserte næringar i Kvam i 2000. I 2012 var talet redusert til 221. Dermed har det vore ein nedgang på over 100 arbeidsplassar i naturbasert verksemd også.

Det var berre 16 arbeidsplassar i teknologiske tenester i Kvam i 2000. Talet auka til over 100 i 2004, men dei fleste av desse forsvann frå statistikken i 2005. I 2012 er det 33 arbeidsplassar i dei teknologiske tenestene i Kvam.


I figur 6 ser me den indekserta utviklinga, der 2000-nivået er sett til å vera lik 100.

Me måtte ta bort dei teknologiske tenestene fordi svingingane var ekstremt store i prosent og øydela figuren.

Tal arbeidsplassar i industrien i har fall med nesten 35 prosent, mens dei naturbaserte næringane har fall med nesten 32 prosent. Nedgangen er langt sterkare enn nedgangen som desse næringstypene har hatt på landsbasis. Me såg på førre sida at industrien har hatt ein nedgang i Noreg på 11,5 prosent i same tidsrom, mens dei naturbaserte næringane hadde ein nedgang på 21,5 prosent.



Figur 5: Tal arbeidsplassar i tre underkategoriar av basisnæringar i Kvam frå 2000 til 2012.



Figur 6: Indeksert utvikling i underkategoriane av basisnæringar i Kvam frå 2000 til 2012, der 2000-nivået er indeksert til å vera 100.

## BESØKSNÆRINGAR I NOREG

Besøksnæringane kan me dela opp i fire ulike næringar. Den fyrste og desidert største er handel, og då har vi teke med butikkhandel, og ikkje f.eks. internetthandel som ikkje er avhengig av personleg nærvær. Det var 246 808 arbeidsplassar i butikkhandelen i 2012. Talet har gått ned sida 2008, då det var over 254 000 arbeidsplassar i handelen. Talet arbeidsplassar i handelen har gått spesielt mykje tilbake i dei største byane, mens distrikta har hatt ein vekst. Overgang frå butikk- til internetthandel kan ha vore ein faktor i denne utviklinga, samtidig som det har blitt fleire kjøpesentera med kjedebutikkar i distrikta. Det har kanskje blitt mindre behov for å «dra til byen» for å handla?

Aktivitetsnæringane består av forskjellige bransjar innan underhaldning, kultur, fritidsaktivitetar og sport, og inkluderer også bransjar som frisørar og drosjar. Aktivitetsnæringane har samla 57 877 arbeidsplassar i 2012.

Serveringsnæringa, dvs. kafear, restaurantar og barar hadde 44 439 arbeidsplassar i 2012, mens overnattingsnæringane, hotell, hytteutleige og campingplassar hadde 27 400.

Aktivitetsnæringane har hatt ein kraftig vekst, med 35,4 prosent auke i tal arbeidsplassar sidan 2000. Det siste året var det likevel ein noko overraskande nedgang.

Overnattingsnæringane har 5,1 prosent færre arbeidsplassar i 2012 enn i 2000. Tal overnattingar har auka så det har nok skjett ei rasjonalisering i overnattingsnæringane på same måte som i industrien.

Servering og handel har auka omtrent i same takt som resten av økonomien.

Tabell som viser fordeling av arbeidsplassar og endring i Kvam 2008 - 2012:

| Næring                              | 2008 | 2012 | Differanse |
|-------------------------------------|------|------|------------|
| Alle                                | 4037 | 3791 | -246       |
| Primærnæringane                     | 451  | 365  | -86        |
| Bergverksdrift og utvinning         | 12   | 15   | 3          |
| Industri                            | 652  | 529  | -123       |
| Elektrisitet, vatn og renovasjon    | 30   | 40   | 10         |
| Bygge- og anleggsverksemd           | 272  | 292  | 20         |
| Varehandel og motorvognreparasjonar | 519  | 493  | -26        |
| Transport og lagring                | 262  | 225  | -37        |
| Overnattings- og serveringsverksemd | 116  | 131  | 15         |

|                                                       |     |     |     |
|-------------------------------------------------------|-----|-----|-----|
| Informasjon og kommunikasjon                          | 8   | 21  | 13  |
| Finansiering og forsikring                            | 36  | 40  | 4   |
| Teknisk tenesteyting og egedomsdrift                  | 104 | 107 | 3   |
| Forretningsmessig tenesteyting                        | 173 | 87  | -86 |
| Offentleg administrasjon, forsvar og sosialforsikring | 196 | 211 | 15  |
| Undervising                                           | 371 | 396 | 25  |
| Helse- og sosialtenester                              | 727 | 726 | -1  |
| Personleg tenesteyting                                | 85  | 94  | 9   |
| Uoppgjeve                                             | 23  | 19  | -4  |

Meir bakgrunnsinformasjon om dagens næringsverksemd og utviklingstrekk kan ein finne i [Telemarksrapporten](#).

Dei 20 største bedriftene etter omsetning i Kvam var i 2012:

|    |                                                       |                   |         |
|----|-------------------------------------------------------|-------------------|---------|
| 1  | <a href="#">Elkem Bjølvefossen AS</a>                 | 5614 Ålvik        | 685 344 |
| 2  | <a href="#">Fjellstrand AS</a>                        | 5632 Omastrand    | 545 611 |
| 3  | <a href="#">Rolv Haugarvoll AS</a>                    | 5630 Strandebrarm | 260 450 |
| 4  | <a href="#">Lingalaks AS</a>                          | 5630 Strandebrarm | 191 253 |
| 5  | <a href="#">Øystese Mek Verksted AS</a>               | 5610 Øystese      | 106 933 |
| 6  | <a href="#">Kvam Kraftverk AS</a>                     | 5600 Norheimsund  | 81 870  |
| 7  | <a href="#">Lid Jernindustri AS</a>                   | 5600 Norheimsund  | 77 291  |
| 8  | <a href="#">Gbs Entreprenør AS</a>                    | 5610 Øystese      | 73 028  |
| 9  | <a href="#">Lars Åge Berge AS (REMA 1000)</a>         | 5600 Norheimsund  | 62 961  |
| 10 | <a href="#">Hardanger Fiskeforedling AS</a>           | 5630 Strandebrarm | 54 811  |
| 11 | <a href="#">Maritim Elektro AS</a>                    | 5632 Omastrand    | 51 789  |
| 12 | <a href="#">Kjosås Maskin AS</a>                      | 5600 Norheimsund  | 49 781  |
| 13 | <a href="#">Gules Mek og Landbruksverkstad AS</a>     | 5610 Øystese      | 49 272  |
| 14 | <a href="#">Botnen Entreprenør AS</a>                 | 5600 Norheimsund  | 49 156  |
| 15 | <a href="#">Norheimsund Industrier AS</a>             | 5600 Norheimsund  | 47 608  |
| 16 | <a href="#">Norske Landbrukstenester Hordaland Sa</a> | 5610 Øystese      | 46 228  |
| 17 | <a href="#">Storaas Mat AS</a>                        | 5600 Norheimsund  | 41 254  |
| 18 | <a href="#">Framnes Kristne Vidaregåande Skule</a>    | 5600 Norheimsund  | 39 896  |
| 19 | <a href="#">Kvammabygg AS</a>                         | 5610 Øystese      | 32 828  |
| 20 | <a href="#">Jan Mo AS</a>                             | 5610 Øystese      | 32 625  |

## 3.0 MÅLSETJING

### 3.1 Innleiing


Næringsutvikling i Kvam skal legge til rette for og sikra eksisterande næringsliv. Gjennom samarbeid skal Kvam vidareutvikla næring og handel og stimulere til etablering av ny verksemd. Kvam skal prioritera å marknadsføre det som er, og leggje til rette for nytenking og gründerverksemd.

Skal næringslivet i Kvam ha utviklingsmoglegheiter, er det heilt sentralt at flest mogleg dreg i same retning. Dette gjeld mellom det offentlege og det private, på tvers av firma og bransjar og mellom bygder. Kvam har ei geografisk og strategisk plassering som gjer at Kvam må samarbeida mot Bergensregionen på same tid som ein samarbeider med resten av Hardanger.

### 3.2 Hovudmål

#### Verdiskaping igjennom samarbeid

«Vekst og opplevingar gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar»



## 4.0 SATSINGSOMRÅDE

### 4.1 BYGGJA KOMPETANSE SOM SKAPAR TALENT OG UTNYTTER TEKNOLOGI

#### UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

##### **Kompetanse**

Kvam skal ha ein god vidaregåande skule. Det er ein styrke for lokalsamfunnet at ungdomen har eit godt skuletilbod heilt til dei er 18/19 år og kan bu heime i tenåra. I dag har kommunen tre vidaregåande skuler og ein kunstskule. Det er i Hordaland fylkesting gjort vedtak om at dei to offentlege vidaregåande skulane i Kvam, Norheimsund og Øystese vidaregåande skular, skal slåast saman og samlokalisert. Den prosessen bør starta snarast råd. Framnes kristne vidaregåande skule er ein privat skule med ca. 260 elevar som kjem frå heile landet. Framnes satsar på idrettsfag og studiespesialisering. Det er viktig for Kvam sitt næringsliv og Kvam si befolkning at me får behalda dei vidaregåande skulane.

Kvam har mange arbeidsplassar som er avhengig av den fagkompetansen som yrkesfag gjev. God yrkesretta opplæring vil sikra rekruttering til etablerte bedrifter i Kvam som igjen kan medverke til at ungdom vil bu i kommunen.

Rådgjevarar på ungdomsskulane har ein heilt sentral rolle i rådgjeving av framtidige studieval for elevar. Det er viktig å få fram moglegheitene for vidare studiar også for yrkesfag. Omdøme til yrkesfag må betrast blant foreldre og ungdom. Samlokalisering og fornying av dei to vidaregåande skulane i Kvam vil truleg føra til at fleire lokale ungdomar vil velja å ta vidaregåande utdanning i Kvam. Samlokalisering kan òg gjere det lettare å få eit breitt tilbod på TAF-opplæring (Teknisk, allmennfaglig utdanning).

Kvam må leggja til rette for desentraliserte studiar/etterutdanning/kompetanseheving. Kommunen

gjev i dag eit tilbod til vidareutdanning for større grupper der dei ser eit behov.

Noko av folketalsauken til Kvam skjer gjennom innvandring frå utlandet. Kvam må jobbe med å bruke potensialet som denne gruppa har, både arbeidsinnvandrarar og flyktningar. Mange har høg kompetanse, korleis nytte dette? Språkopplæring er avgjerande for å lukkast som arbeidstakar i næringslivet.

Gjennom aktiv deltaking i stiftinga Høgskulen i Hardanger, som har lokalt tilbod i Øystese om utdanning/kompetanseheving på høgskulenivå ved hjelp av audiovisuelle hjelpemiddel, kan Kvam herad medverka til at fleire kan kombinera arbeid og utdanning.

Eit kunnskapsbasert næringsliv handlar om vekst gjennom samskaping mellom bedrifter og kunnskapsaktørar, menneske, lag og organisasjonar, bransjar, bygder, kommunar og regionar der marknads- og brukarbehov set premissar for kunnskapsutvikling. Vidare må kunnskapen omdannast til produkt, tenester og prosessar som leier til lønnsam vekst for bedriftene som er involvert, og til auka verdiskaping for heile samfunnet. Det skjer kunnskapsdriven innovasjon i alle næringar. Kunnskapsbasert næringsutvikling handlar derfor vel så mykje om å auka kunnskapsinnhaldet i det noverande næringslivet, som å omstilla til nye næringar. Det er nødvendig å kunne omsetja forskingsresultat og ny teknologi i produkt så raskt som mogeleg. Det krev tette koplingar mellom bedrifter og forskingsmiljø.

## MÅL OG STRATEGIAR

| Byggja kompetanse som skapar talent og utnyttar teknologi                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                                                                    |                                                               |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|
| Overordna målsetjingar:                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                                                                                                                                    |                                                               |
| Dette skal gjerast                                                                                                                                                                                                                                                                                               | Dette gjer Kvam herad                                                                                                              | Deltakarar                                                    |
| <b>Ny vidaregåande skule</b><br>Skapa ein god sentrumsnær, samlokalisert offentleg vidaregåande skule som er attraktiv for ungdom, som har eit godt rykte og som kan trekke til seg ungdom frå naboregionar. Kvam må gje ungdom ein kompetanse som næringslivet lokalt treng.                                    | Tek initiativ overfor skular, grunneigarar og fylkeskommune. Bidra til å skapa eit attraktivt samfunn for ungdom også på kveldstid | Hordaland fylkeskommune, dei vidaregåande skulane i Kvam      |
| <b>Marknadsføring</b><br>Marknadsføre Kvam som ein god stad å gå på vidaregåande skule. Fylkeskommunen og Framnes har ansvar for dei vidaregåande skulene. Kvam må verta flinkare til å marknadsføre seg som ein attraktiv stad å gå på skule. Skal vidaregåande skule overleve i Kvam, så må dei ha nok elevar. |                                                                                                                                    | Dei vidaregåande skulene/næringslivet                         |
| <b>Rådgjeving</b><br>Rådgjevarar i ungdomsskulen må bli gode på å rådgje og visa elevane dei moglegheitene dei har. Dei må ha fokus både på generell studiekompetanse og yrkesfag. Undersøkingar viser at påverknad frå foreldra har mykje å bety for val av studiar.                                            | Gje ungdommane, foreldra og samfunnet meir informasjon om kva moglegheiter som ligg i dei ulike studieretningane                   | Hordaland Fylkeskommune – Ungt Entreprenørskap                |
| <b>Føraropplæring</b><br>Kvam skal ha status som førarprøvestad og tilby nettbasert teoriprøve.                                                                                                                                                                                                                  | Kvam må jobbe for å fortsatt ha status som førarprøvestad og kunne tilby nettbasert teoriprøve til dei som skal ta førarkort.      | Kvam næringsråd/næringslivet/trafikkskulane/Stastens vegvesen |
| <b>Språkopplæring</b><br>Kvam skal ha tilbod om språkopplæring som er så god at folk frå andre land kan få seg jobb lokalt.                                                                                                                                                                                      | Kvam skal tilby innvandrarar og flyktningar nødvendig språkopplæring slik at dei kan bli ein ressurs i arbeidslivet.               | NAV, Fylkeskommunen                                           |
| <b>Etterutdanning</b><br>Det skal vere mogleg å etterutdanne seg i Kvam.                                                                                                                                                                                                                                         | Kvam skal synleggjere moglegheit for etterutdanning og kompetanseheving i                                                          | Næringslivet, Høgskulen i Hardanger, NAV                      |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |  |                                                |  |                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|------------------------------------------------|--|-----------------|
| <p>Arbeidstakarar som ønskjer å auke kompetansen sin bør ha moglegheit til etterutdanning spesielt på områder der næringsliv og kommunen manglar kompetanse.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eksterne kurs</li> <li>• Desentralisert opplegg for kompetanseheving</li> <li>• Gjennom nettstudiar/videokonferanse gjennom Høgskulen i Hardanger</li> </ul> |  | samarbeid med Høgskulen i Hardanger            |  |                 |
| <p><b>Kunnskapsbasert næringsliv</b><br/>Eit kunnskapsbasert næringsliv gjennom samskaping mellom bedrifter og kunnskapsaktørar</p>                                                                                                                                                                                                                                    |  | Bidra til å kopla næringsliv og forskingsmiljø |  | Kvam næringsråd |

## 4.2 UTVIKLA EIT PULSERANDE OG SJØLVSTENDIG REGIONSENTER

### UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Hovudmålet til kommuneplanen sin samfunnsdel er å vidareutvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter i Norheimsund som knutepunkt mellom Hardanger og Bergensregionen.

Området mellom Vikøy og Laupsa vert definert som tettstadsområde.

Kvam herad sin arealstrategi for senterstruktur er at offentleg og privat tenesteyting samt detaljhandel skal lokaliserast i sentrum eller innanfor 10 minutt gå-avstand frå sentrum for Norheimsund og Øystese. Lokalsentra som Strandebar/Tangerås, Ålvik og Tørvikbygd inneheld funksjonar knytt til daglege gjeremål, både private og offentlege. Utbygging skal konsentrerast innanfor 10 minutt gå-avstand frå sentrum. Spesialbutikkar og serveringsstader skal liggje i sjølve sentrumsområdet. Bilbasert handel som byggvare eller liknande, kan liggja i større avstand frå sentrum.

Det er viktig at Kvam herad har ei heilskapleg tenking rundt næringsareal, senterutvikling og bustadutvikling. Det krev stor grad av offentleg planlegging av senterstruktur og handelssenter for å samordne transportavvikling, arealbruk og offentlege tenester med andre føresetnader for attraktive senter. Tilgang på varer, butikkar og attraktive uteområde er grunnlag for livskvalitet og trivsel. Utan eit omfattande samarbeid mellom kommunen og handelsnæringa lokalt vil ein ikkje oppnå ynskt resultat om sjølvstendige tettstader. Kvam må ha som målsetjing at me skal ha høg sjølvforsyningsgrad.

Nokon moment for å møte målet kan vera:

- Mål om høg livskvalitet for alle
- Halda på status som regionsenter i Hordaland
- Fortetting av sentra, legge til rette for handel på bakkeplan og bustader i dei andre etasjane. Dette må arealplanen leggja til rette for gjennom kombinert føremål i arealplanen.
- Skapa liv i sentra også etter stengetid for handelsnæringa, attraktive uterom/møteplassar/leikeplassar/skateplass/trampolinar el.
- Nok parkeringsplassar i senterområda
- Ei større fleksibilitet i opningstider for sentra. Besøkjande bør oppleva sentra i Kvam som attraktive og tilgjengelege.
- Marknadsføring av regionsenteret
- Gode serveringsstader med høg kvalitet
- Torgaktivitet
- Gode gang- og sykkelveggar/turvegar

Handels- og servicenæringa må passa inn der dei etablerer seg. Det er viktig å leggja vekt på estetikk og lokal byggeskikk, også i utvikling av dei offentlege rom og møteplassar. Bruk av belysning, fargar, skilt og material kan bidra til å gjera staden meir attraktiv, funksjonell og tilgjengeleg. Butikkfasadane må vera innbydande og bidra til å auke attraktivitet i sentra.

Norheimsund og Øystese har i dag flotte sentrumsnære område mot sjø med parkområder og badestrand. Desse områda er med på å skapa liv i sentrum. Det er viktig at kommunen og næringslivet samarbeider vidare for å bevare den kvaliteten og gjera dei enda meir attraktive. Ved å trekke barnefamiljar til sentrum, så vil fleire nytta handelstilbodet.

### Samarbeid om marknadsføring via internett

Kvam har fleire sentra med næringsverksemdar, handel og tenesteyting. Desse har marginale overskot. Handelslekkasje til Bergensregionen og netthandel er på mange måte ein trussel for dei lokale utsalsplassane. Det er viktig at me støttar opp om desse bedriftene og fremjar lokal handel og samarbeid.

### Omdømme

Omdømme er summen av korleis omverda oppfattar oss. Det handlar sjølvstendig om kommunen som organisasjon og forvaltningsnivå, men i høgste grad også om samfunnet Kvam, med innbyggjarar, grender, lag og organisasjonar, næringsliv osv. Omdømebygging er eit arbeid med stor breidde og arbeidet må vere forankra frå toppleinga med rådmann og ordførar i spissen og heilt ut til grasrota.

Omdømme handlar om:

- korleis me ønskjer å bli oppfatta av andre
- identifisering av kjerneverdier me står for
- korleis den indre sjølvforståing i kommunen og samfunnet vårt er

Me må bli flinkare til å synleggjera dei spesielle verdiane og godene i samfunnet vårt.

Kvam herad sin tenesteproduksjon og lovforvaltning påverkar næringslivet sine konkurransevilkår. Barnehage- og skuletilbod, infrastruktur, kollektivtransport, kulturtilbod og effektiv plan- og byggesakshandsaming er eksempel på viktige område med innverknad på næringslivet sine konkurransevilkår og utviklingsmoglegheiter. I sum utgjer desse tenestene grunnlaget for kommunens vertskapsrolle overfor næringslivet.

SWOT analysen(kommunen sine sterke og svake sider) har avdekkja at Kvam ikkje er gode nok på marknadsføring og at heimesidene til Kvam herad er

utdaterte og det er vanskeleg å navigere seg fram til den informasjonen du er ute etter.

Den offisielle nettsida til Kvam for næringslivet, turistar og besøkjande treng ei ny design og oppdatering av informasjon. Skil ein tiltrekke seg fleire besøkjande/turistar gjennom opplevingar er det heilt nødvendig at vi har gode informasjonssider som viser kva Kvam kan tilby.

I dag eksisterer det eit uttall nettsider der ein hentar informasjon:

[www.visitkvam.no](http://www.visitkvam.no) , [www.visitnorway.com](http://www.visitnorway.com) ,  
[www.hardangerfjord.no](http://www.hardangerfjord.no), [www.hanen.no](http://www.hanen.no),  
[www.tripadvisor.com](http://www.tripadvisor.com) , [www.kvamnr.no](http://www.kvamnr.no)

Mange av desse sidene er mangelfulle og ingen gjev eit komplett og godt bilete av kva Kvam kan tilby. Dette må næringslivet ta tak i og passe på at den informasjonen som ligg på slike sider stemmer og at det er oppdatert til ei kvar tid. Alle desse sidene er med på å skape inntrykk av kva Kvam står for og kva me kan tilby.

## MÅL OG STRATEGIAR

| Utvikla eit pulserande og sjølvstendig regionsenter                                                                                                                                                                                                   |                                                                                                                                                                      |                                                                          |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------|
| <b>Overordna målsetjingar:</b><br>Sentrale Kvam skal framstå samla overfor omkringliggjande kommunar.                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                      |                                                                          |
| Dette skal gjerast                                                                                                                                                                                                                                    | Dette gjer Kvam herad                                                                                                                                                | Andre deltakarar                                                         |
| <b>Sentrumsnære bustadar</b><br>Kvam herad skal ha levande senter med aktivitet også etter stengt tid                                                                                                                                                 | Kommuneplanen må opne for å ha kombinert næring/bustad formål i senterområde for alle sentra i Kvam                                                                  | Næringslivet/Grunneigarar                                                |
| <b>Leikeplassar/møteplassar</b><br>Kvam skal ha attraktive offentlege rom som innbyr til opphald og aktivitet.                                                                                                                                        | Etablerar sentrumsnære leikeplassar/møteplassar i alle sentra i Kvam herad. Dei offentlege rom skal være velstelte, ryddige og ein møteplass for alle aldersgrupper. | Næringslivet/Grunneigarar                                                |
| <b>Netthandel</b><br>Ein bør utnytte netthandel og dei digitale moglegheitene til nytte og vekst i handelsnæringa.                                                                                                                                    | Køyre felles handle lokalt kampanjar.                                                                                                                                | Næringslivet, <a href="http://www.handlegaten.no">www.handlegaten.no</a> |
| <b>Kommunal heimeside</b><br>Kvam herad må etablere ei ny heimeside der det er lett å navigere seg fram til relevant informasjon.                                                                                                                     | Kvam herad skal ha ein god/tidsrett heimeside som er næringsvennleg og inneheld all nødvendig informasjon                                                            |                                                                          |
| <b>Kommunal sakshandsaming</b><br>Kvam herad går igjennom rutinar og ser på kor det er mogleg å effektivisere med omsyn til dei saksområde som angår næringslivet.<br>Dette krev god kompetanse og rådgjeving frå kommunalt tilsette saksbehandlarar. | Kvam herad skal utarbeide gode og enkle serviceerklæringar og sette krav til dei ulike avdelingane.                                                                  | Næringslivet                                                             |

## 4.3 SKAPA OPPLEVINGAR OG INNHALDSRIK FRITID

### UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

#### Opplevingsøkonomien

Kvam skal byggja vidare på den rike kulturen i regionen og utnytta potensialet for næringsverksemd basert på besøkjande til regionen endå betre. Kvam er ein «inngangsportal» til folk som ynskjer å oppleve merkevara Hardanger, ei merkevara som må vidareutviklast i samarbeid med resten av Hardanger. Det skal spesielt satsast på besøkjande familiar med barn og deira ønskjer om unike opplevingar, dei skal oppleve noko unikt når dei kjem til Kvam.

Kvam sitt varierte næringsliv med jordbruk, industri og handel kopla med eit rikt kultur- og organisasjonsliv gjev eit mangfaldig og levande samfunn. I tillegg har Kvam allereie mange gode tilbod som vakker natur, gode turmoglegheiter, eit stort skiløypenett både på Kvamskogen, Haukås og Sjusete og mange andre aktivitetar. Desse kan me vidareutvikla til å bli enda betre og skapa nye spennande opplevingar i Kvam som gjer avkastning og arbeidsplassar. Kvam har i dag få arbeidsplassar innan opplevingar sett opp mot tal på innbyggjarar, så her er det eit potensial for å veksa.

Vekst og opplevingar kan skje gjennom samskaping mellom menneske, lag og organisasjonar, bedrifter, bransjar, bygder, kommune og regionar.

For å få til dette må fleire besøksnæringar samarbeide slik at besøkande får ei breidde i tilboda og ein må ha innbyggjarar som må våge å satse midlar og tid på gode idear. Ein må kombinere opplevingane med allereie eksisterande næring i Kvam og dra nytte av dei attraksjonar som elles finst i nabokommunar og i Hardanger.

For å trekke til oss besøkjande må alle handelssentra minimum vera på dagens nivå. Helst bør ein få ein auke i tal på serveringsstader/kafear som gjerne kan vera sesongbasert.

Opplevingsøkonomien er eit paraplyomgrep som dekkjer mange godt etablerte bransjar. Opplevingsøkonomi er eit nyttig ord for å kommunisera om økonomiske effektar og spesielt verdiskaping gjennom opplevingar. I opplevingsøkonomien vert merksemda flytta frå produkt og serviceleveranse og over til kunden sine opplevingar som det verdiskapande element. Målet for framtida er å få fleire til å villa bu i kommunen, få fleire til å villa driva næring eller vera med og vidareutvikla eksisterande næringar i kommunen, og sist men ikkje minst få innbyggjarane til å «oppleva» at dei kan besøka alle tilboda kommunen byr dei.

Eit lokalsamfunn som tar mål om seg å vera ein faneberar innan opplevingsøkonomien er avhengig av klusterdanning innan kreative næringar. Kunden si

oppleving som det verdiskapande element må vera ein kultur gjennomsyra i alt av det me driv på med. Opplevingar vert produsert av verksemder og institusjonar som er tilknytt til dømes kultur, kunst, natur, sport, design, reiseliv, mat m.m. Verksemder med produksjon innan desse områda, har eit spanande vekstpotensial gjennom vår stigande velferd. Opplevingsøkonomien har ingen klare grenser.

Kvifor bør me satsa på opplevingar, kultur og kreative næringar?

- Me er allereie gode på kultur, kreativitet og bustadsattraktivitet, men kan forbetra oss på innovasjon, opplevingar og bedriftsattraktivitet
- Fordi dette er vekstnæringar
- Fordi dei fører til meir innovasjon i resten av næringslivet
- Dei har ein eigenverdi ut over det økonomiske t.d. stoltheit
- Fordi dei gjev betre omdøme
- Fordi dei trekker besøkjande
- Fordi dei aukar attraktiviteten

Korleis kan opplevingsøkonomien og dei kreative næringane bidra til vekst?

- Bransjane me kallar kreative næringar veks, og erstattar bortfall av basisnæringane og gammal industri
- Næringsliv som vanlegvis ikkje blir rekna som kreative kan få tilgang til kreative tenester og bli kreative
- Kreative næringar kan gjera stadar meir attraktive og bidra til stadsinnovasjon
- Bedriftsømdøme – kreative personar og bedrifter skapar positivt omdøme
- Besøksømdøme – nasjonalt og internasjonalt kjende kreative personar set staden på kartet og aukar interessa
- Bustadsømdøme – kreative personar og bedrifter skapar positivt omdøme, kan auka bustadsattraktiviteten
- Kreative næringar kan tilføra areal og bygningar ein estetisk dimensjon, vakre bygningar eller eit tiltrekkande sentrum
- Kunstneriske attraksjonar skapar meir og eit betre opplevingstilbod
- Kulturtilbod og opplevingstilbod aukar attraktivitet som bu-stad
- Lokal og unik design og kunst skapar identitet, atmosfære og puls

**Fjorden og vatnet**

Kvam bør utnytte fjorden og legge til rette for aktiviteter i samband med vatn. Eksemplar kan vere utleige av kajakk, båtar, vannscooter, moglegheit for å prøve vasski, opplevingspark basert på aktivitetar i vatn, t.d. flytande sauna på fjorden, f.eks ved Hardangerbadet eller Hardanger Fartøyvernssenter.

Klimaendringar vil gje både lokale og globale utfordringar i åra framover. Dette vil få konsekvensar for utviklinga til Kvam. Eit godt døme er vintersesongen 2014 med lite snø og lite inntening bl.a. for næringsverksemd på Kvamskogen. Dette må me møta på ein offensiv måte og jobbe for å tilpasse oss desse endringane slik at næringslivet, kultur og fritidsbaserte tenester fortsatt kan ha ein god inntening og skapa

arbeidsplassar. Klimatiltak kan også opna for ny næringsverksemd der ein nyttar ny teknologi for å møte endringane.

**Hyttekommune**

I Kvam finst det rundt 3000 hytter og sommarhus. Det finst eit potensiale i å gjera endå større næring av Kvam som hyttekommune. Korleis kan ein utnytte dette og gjere dette til ei næring?

- Mat levert på døra
- Oppvarma hytter
- Vaktmeister
- Aktivitetstilbod

**MÅL OG STRATEGIAR**

| <b>Skapa oppleving og fritid</b>                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                            |                                                               |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|
| <b>Overordna målsetjing</b>                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                            |                                                               |
| Hardanger skal vera ei samla, attraktiv og dynamisk region med felles budskap. Regionen skal samarbeide om å vera synleg og ha eit godt omdømme. Kvam skal vera den beste opplevingskommunen i Hordaland, med heilårs aktivitetstilbod som tek utgangspunkt i fjor, fjell og vatn |                                                                                                            |                                                               |
| <b>Dette skal gjerast:</b>                                                                                                                                                                                                                                                        | <b>Dette gjer Kvam herad</b>                                                                               | <b>Andre deltakarar</b>                                       |
| Hardanger skal vera ei samla, attraktiv og dynamisk region med felles budskap.                                                                                                                                                                                                    | Leggja til rette, delfinansiera, bidra med kompetanse                                                      | Reisemål Hardangerfjord, reiseliv, næringsliv, andre kommunar |
| Profesjonalisera Kvam som opplevingskommune                                                                                                                                                                                                                                       | Tilset opplevingskonsulent, arrangerer kurs i vertskapsrollen, koordinera arbeidet og bidra med kompetanse | Handelsstanden, reiselivet, næringslivet                      |
| Utvikla og byggja Hardangerbadet som eit attraktivt mål og folkehelsetiltak                                                                                                                                                                                                       | Leggja til rette, delfinansiera, bidra med kompetanse                                                      | Hardangerbadet AS, næringslivet                               |
| Utvikla og byggja Hardinghuset som kultur- og aktivitetsarena                                                                                                                                                                                                                     | Leggja til rette, delfinansiera, bidra med kompetanse                                                      | Hardinghuset AS, næringslivet                                 |
| Utvikla næringar basert på fjord og vatn                                                                                                                                                                                                                                          | Arangera idèdugnad                                                                                         | Næringslivet, landbruksorganisasjonane, reiselivet            |
| Utvikla meir næring knytt til Kvam som hyttekommune                                                                                                                                                                                                                               | Arangera idèdugnad                                                                                         | Næringslivet, landbruksorganisasjonane, reiselivet            |

## 4.4 STYRKA DET ETABLERT OG UTVIKLA DET SÆREIGNE

### UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Marine, maritime og landbruk er næringar som er sterke næringar i kommunen. Både marin og maritim næring har mange av arbeidsplassane i ytre og indre delar av kommunen. Marine og maritime næringar er 2 av 5 næringar som regjeringa satsar spesielt på.

#### **Marin næring**

Regjeringa har som visjon at Norge skal være verda sin fremste sjømatnasjon. Dette skal dei få til gjennom å realisere potensialet for auka verdiskaping og lønsame bedrifter i alle deler av verdikjeda sjømat. Kvam må leggja til rette for at denne næringa kan utvikla seg i tråd med visjonen til regjeringa og tillata bruk av areal på sjø og land til dette føremålet der dette ikkje er til vesentleg ulempe for miljø og andre næringsinteresser.

#### **Maritim næring**

Maritime næringar som skipsfart og skipsbygging er viktige næringar for Kvam. Kvam har lange tradisjonar innan skipsbygging og må leggje til rette for at denne næringa har nok areal til å veksa og utvikla seg vidare. Maritime næringar har òg klare koplingar mot andre viktige norske næringar som petroleum, fiskeri og reiseliv. Hardanger Fartøyvernsenter er ei bedrift med ca. 50 tilsette som kombinerer maritim næring og turisme/opplevingar. Fjellstrand AS på Oma satsar på ny teknologi og med den nye batteriferja som er verdas største batteridrivne ferje, er dei ein av fire som er nominert til Thor Heyerdahl's International Maritime Environmental Award. Gjennom innovasjon og ny teknologi skapar Fjellstrand ei framtidsretta bedrift som gjer stabil sysselsetting.

#### **Industri**

Ein anna stor arbeidsplass i Kvam er Elkem Bjølvfossen AS i Ålvik med 150 tilsette og Lid

jarnindustri med litt over 50 tilsette. Elkem er verdens største leverandør av ferrosilisiumbaserte spesiallegeringer. Ferrosilisiumproduktene til Elkem er jernstøyperier og stålprodusentar over hele verda. Elkem Bjølvfossen AS produserer ferrolegeringar for eksport og dei er eit av få smelteverk i Noreg som har energiattvinning. Det er viktig for Kvam at denne bedrifta blir verande i kommunen. Ålvik må vere ein tettstad det er attraktivt å busette seg i slik at bedrifta kan tiltrekke seg kompetent arbeidskraft. Verksemda må behalda mogelegheita til kontinuerlig forbetring og vekst, jf. Elkem sine strategiar, og ha ein pris på innkjøpt energi som gjer det mogeleg med lønsam produksjon. Lid jarnindustri er ein bedrift som veks litt og litt, i dag produserer dei utstyr for å virke opp ved, vei maskiner, rydding av snø, løfte maskiner og maskiner til grasproduksjon.

Kvam herad må setta av nok areal til desse næringane i kommuneplanen både til utviding av eksisterande bedrifter og etablering av ny verksemd.

#### **Landbruk**

Landbruket i Kvam produserer mat for konsum og nisjeprodukt. Kortreist og rein mat får meir og meir fokus i storsamfunnet. I Kvam har det og vakse fram fleire nisjeprodukt frå landbruket. Produkta frå Nøring, kalkun frå Holmlagarden og epleprodukt frå Spildegarden og omsetning på Kakebua i Steinstrø er gode eksempel på dette. Landbruket er ein viktig tradisjonsberar og viktig for kulturlandskapet. Kulturlandskapet og fruktproduksjonen byggjer opp om "Hardangernamnet" og er viktig for turisme. Fruktblomstring i Hardanger er eit nasjonalt ikon.

Kvam har etter ei kraftig strukturendring fått fleire store samdrifter som produserer mjølk og kjøtt for konsum. Meieriet i Øystese er ein av dei som vidareforedlar produkta. Det er viktig at denne delen av landbruket får tilgang til god og lettstelt jord. Kvam har mykje god matjord, dette er ein avgrensa ressurs globalt. Kvam må ta ansvar for å ivareta matjorda lokalt.

Husdyrhald, særleg sauenevinga, er viktig for utnytting av ressursar i utmark og fjell og er sterkt medverkande for eit vakkert kulturlandskap. Store mengder planteskog er snart hogstmoden, men mangel på gode vegar både i skogen og på det kommunale vegnettet kan gjera hogsten ulønsam.

### Offentlege arbeidsplassar

Kvam er det relativt få statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar. Dette er viktige arbeidsplassar med tanke på kompetansearbeidsplassar, med tanke på sentrumsutvikling og med tanke på tilgang til eit mangfaldig tenestetilbod. Kvam må jobbe for å behalde desse og om mogleg trekke til seg fleire offentlege arbeidsplassar.

## MÅL OG STRATEGIAR

| Styrka det etablerte og utvikla det særeigne                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                                                                                        |                                                                                   |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------|
| Overordna målsetjingar:                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                                                        |                                                                                   |
| Dette skal gjerast                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    | Dette gjer Kvam herad                                                                  | Deltakarar                                                                        |
| <b>Fiskeoppdrett</b><br>Sikra eksisterande marin næring og tillata bruk av areal på sjø og land til dette føremålet der dette ikkje er til vesentleg ulempe for miljø og andre næringsinteresser og leggje til rette for at næringa kan vere ledande innan sitt felt.                                                                                 | Kvam herad sikrar gjennom kommuneplanen areal for næringa                              | Næringslivet innan marin næring/ Kvam næringsråd/Kvam herad gjennom kommuneplanen |
| <b>Fiskeforedling</b><br>I dag er det ikkje vidareforedling av fisk/sjømat i Kvam. Her ligg det eit potensial for næringsverksemd som marin næring i Kvam har moglegheit for å utnytte.                                                                                                                                                               | Kvam herad deltek og vedtek reguleringsplan for utviding på Bakka                      | Marin næring, Kvam herad gjennom kommuneplan                                      |
| <b>Skipsbygging</b><br>Maritim næring er eit næringsområde som er viktig nasjonalt. Kvam og Hardanger har lange tradisjonar for maritim næring. Fjellstrand og Fartøyvernsenteret er begge viktige arbeidsplassar som Kvam ønskjer å halda på. Sikra eksisterande maritim næring og leggje til rette for at næringa kan vere leiande innan sitt felt. | Kvam herad sikrar areal for bedriftene.<br>Framtidig bruk av ICA – bygget må avklarast | Næringslivet innan maritim næring/ Kvam næringsråd                                |
| <b>Næringsareal</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   | Kvam herad gjennom arbeid med kommuneplanen                                            | Næringslivet innan industri/Kvam næringsråd                                       |

|                                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |  |                                                                                                                                            |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Sikra eksisterande industrinæring og leggje til rette for at næringa kan vere leiande innan sitt felt.                                                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |  |                                                                                                                                            |
| <b>Landbruk - areal</b><br>Kvam må ha ein kommuneplan som legg til rette for produksjon og set av tilstrekkeleg areal. Det må kome krav i kommuneplanen som sikrar jordvernet. Det må setjast av areal til mellomlagring av matjord som kan nyttast til oppgradering av jordbruksland. | Sikre arealtilgang og enklast mogleg handsamingstid for å stimulere til utvikling i landbruket<br>Føresegner og areal til ivaretaking og mellomlagring av matjord. Ved regulering av byggeområde på matjord, må det i kommuneplanen settast krav til plan for sikring av matjorda.<br>Bygging av skogsvegar og styrking av det kommunale vegnettet både når det gjeld akseltrykk og kurvatur. |  | Ansvar: Kvam herad (rammevilkår) i samarbeid med næringsorganisasjonar.                                                                    |
| <b>Landbruk - produksjon</b><br>Sikre eit levedyktig småskala og storskala landbruk, oppretthalde eit levande kulturlandskap og stanse attgroing innan strategisk viktige område. Kvam må stimulere til at det vert auka fruktproduksjon                                               | Føresegnene i kommuneplanen sin arealdel må leggje til rette for småskala landbruk og sikra arealgrunnlaget for dei som satsar på samdrifter og produksjon i storskala mjølkeproduksjon.                                                                                                                                                                                                      |  | Kvam herad i samarbeid med landbruket sine organisasjonar og næringsaktørane<br>Finansiering: Innovasjon Norge og private næringsdrivande. |
| <b>Offentlege arbeidsplasser</b><br>Behalda og auke talet på statlege og andre offentlege arbeidsplassar<br>Finne statlege tiltak som kan lokalisert i Kvam, f.eks. skattekontor, fengsel                                                                                              | Kvam må jobbe for å behalde desse og om mogleg få på plass fleire offentlege arbeidsplassar.                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |  | Kvam herad, Hordaland fylkeskommune og statlege institusjonar                                                                              |
| <b>Investeringsselskap</b><br>Etablering av investerings- og utbyggingselskap for bustadbygging.                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |  | Kvam herad og firma innan bygg og anlegg                                                                                                   |

## 4.5 SKAPA GNIST FOR KREATIV OG FRAMTIDSRETTA NÆRING

### UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

#### Næringsshagar/kontorfelleskap

I det siste er det vorte meir og meir aktuelt å vere tilsett i firma utanfor Kvam herad og ha to-tre heimedagar i eit kontorfellesskap lokalt (kontorhotell). For mange er det viktig å behalde jobb og karriere i eit større fagleg fellesskap på same tid som ein kan bu i Kvam og nytte godane her. Det er høgare kompetanse på dei som pendlar ut av kommunen enn dei som jobbar lokalt. Dette

er ei gruppe Kvam herad ønskjer å halda på, og me ser også at dei kan vera med å skape nye og spennande arbeidsplassar. Samarbeid kan også verta eit viktig stikkord her for nyskaping av kompetansearbeidsplassar i kommunen.

#### Ledig areal og bygningar

Kommuneplanprosessen må sikra områder for industri og næring i arealplanen og leggje til rette for byggjeklare næringstomter i Kvam.

Det er bedrifter som ønskjer etablere seg i Kvam. Dei treng lokalar eller tomt for etablering.

#### Etablerarteneste

Kvam må ha eit system for informasjon til gründerar som ønskjer å etablere verksemd i Kvam. Dei treng informasjon om støtteordningar, lokalar og areal. Kvam herad har i dag ansvaret for fyrstelinetenesta, men dette fungerer ikkje optimalt i dag.

#### Entreprenørskap

Entreprenørskap er evna til å sjå moglegheiter og å gjera noko med dei. Det handlar om mot og vilje til å omsetja idear til praktisk handling. Evna til entreprenørskap kan trenast og det er godt mogleg å byrja dette allereie i grunnskulealder.

Når utdanning og arbeidsliv samarbeider godt vert det skapt gode opplæringsarenaer og nyttige læringssituasjonar for elevane. Det er viktig at representantar frå samfunnet utanfor skulen engasjerer seg for å formidla kunnskap og dela erfaringar frå eit arbeidsliv som er i stadig endring. Å få vera i dialog med og læra av erfarne vaksne gjev elevane ei annleis læringsoppleving.

## MÅL OG STRATEGIAR

### Skapa gnist for kreativ og framtidsretta næring

#### Overordna målsetjingar:

| Dette skal gjerast                                                                                                                                                           | Dette gjer Kvam herad                                                                                                | Deltakarar                                                                                                                                                                                    |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Skipa næringshage i Kvam</b><br>Få fleire arbeidsplassar til å flytte til Kvam. Legge til rette for at større firma kan ha kontor plass i Kvam både på heiltid og deltid. | Leggje til rette                                                                                                     | Kvam næringsråd i samarbeid med lokale bedrifter og huseigarar som Fruktlageret i Øystese, Kassen i Norheimsund, Gamle fjordhotellet i Norheimsund, Messen i Ålvik, Gamleskulen i Strandebarm |
| <b>Etablerarteneste</b><br>Kvam skal vere grundervennleg og gje nøyaktig og nødvendig informasjon til dei som ønskjer å etablere ein bedrift i Kvam.                         | - Forbetra nettsider<br>- Arrangera kurs i etablering og bedriftsutvikling<br>- Formidla mentorordning for grunderar | Innovasjon Norge - kurs og støtteordningar<br>Hordaland Fylkeskommune                                                                                                                         |
| <b>Helse- og velferdsteknologi</b><br>Skapa lokale arbeidsplassar ved at Kvam tek i bruk nye løysingar innan velferdsteknologi                                               | Prioriterer velferdsteknologi i planar og budsjett                                                                   | Kvam næringsråd - aktør                                                                                                                                                                       |
| <b>Entreprenørskap</b><br>Inspirera til å tenkja nytt og å skapa verdiar                                                                                                     | Alle elevar i grunnskulen skal gjennom tre program i Ungt Entreprenørskap                                            | Hordaland Fylkeskommune - UE<br>Innovasjon Norge – kurs og støtteordningar                                                                                                                    |
| <b>Offentleg/private helsetenester</b><br>Etablere arbeidsplasser knytt til helsetenester                                                                                    | Legga til rette                                                                                                      | Helse Vest, lokale legar/helsepersonell, forsikringselskap                                                                                                                                    |

[illegible]

## 5.0 OVERORDNA PLANAR OG DOKUMENT

### Kvam herad

- Planstrategi for Kvam herad 2011-2015, arkivsak 12/78
- Planprogram for Kvam herad sin kommuneplan 2013-2024, arkivsak 12/361
- Kommuneplanen sin arealdel 2013-2024, arkivsak 13/677
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2024, arkivsak 13/678
- Bustadplanen 2014-2022, arkivsak 13/565
- Kommunedelplan for næring og kompetanse 2014-2022, arkivsak 13/221
- Helse- og omsorgsplan 2014-2025, arkivsak 13/525
- Næringsutvikling og attraktivitet 2013 – Kvam - Telemarksforskning

### Fylkeskommunen

- Regional næringsplan for Hordaland 2013 - 2017
- Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008 (ny på gang)
- Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2010 – 2014
- Hordaland i tal
- Næringsbarometeret for Hordaland, [www.naringsbarometeret.no](http://www.naringsbarometeret.no)

### Statlige retningslinjer

- St. meld. Nr. 7 – Et nyskapende og berekraftig Norge
- St. meld. Nr. 25 – Lokal vekstkraft og framtidstru
- Meld. St. 39 – Mangfold av vinnere, næringspolitikk mot 2020
- Meld. St. 13 – Ta heile Noreg i bruk
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging, vedteken 24.06.2011
- Meld. St. 29 (2012 - 2013) Morgendagens omsorg
- Destinasjon Norge (2012) – Nasjonal strategi for reiselivsnæringen

I arbeidet med den overordna målsettinga om høgast mogleg samla verdiskaping og arbeid til alle vektlegg regjeringa følgjande fem delmål:

- 1 Høg omstillingsevne i næringslivet og gode strukturar for omstillingssolidaritet
- 2 Stabile, klare og næringsvennlege rammevilkår i den breie næringspolitikken
- 3 Eit næringsliv som møter dei store utviklingstrendane med lønnsemd og vekstkraft
- 4 Eit sterkt næringsliv innanfor klyngjer og område med stort verdiskapingspotensial der me har særlege fordelar
- 5 Eit sterkt regionalt næringsliv som fører til at heile landet sine ressursar og verdiskapingspotensial blir utnytta best mogeleg

## Regjeringa sine fem satsingsnæringar:

### 1. Energinæringa

Energisektoren er eit viktig næringsområde i Noreg. Noreg har store naturgitte ressursar av olje og gass og vatn og store vasskraftressursar, og har i dag ein omfattande produksjon av olje og gass og ein stor elektrisitetsproduksjon frå vasskraft. Noreg har ein robust leverandørindustri som leverer det mest vesentlege av teknologi, kompetanse og tenester til petroleumsverksemda og som også i aukande grad leverer til fornybarsektoren.

### 2. Miljøteknologi

Miljøteknologi omfattar alle teknologiar som direkte eller indirekte forbetrar miljøet. Det dreiar seg både om teknologiar som reduserer forureining ved hjelp av reinsing, meir miljøvennlege produkt og produksjonsprosessar, meir effektiv ressurshandling og teknologiske system som reduserer miljøpåverknaden. Med teknologi meinest både kunnskap og fysiske innretningar.

### 3. Maritime næringar

Med maritime næringar meiner vi skipsfart og skipsbygging samt tilknytte verksemdar som utstyrsleverandørar og skipsdesignarar, finansiering, forsikring, klassifisering, mekling, sjørett og andre tilknytte tenester. Maritime næringar har klare koplingar mot andre viktige norske næringar som petroleum, fiskeri og reiseliv.

Me finn maritime bedrifter over heile Noreg, og næringa sysselset i overkant av 100 000 personar. Basert på definisjonen av maritim næring i «Et kunnskapsbasert Noreg» hadde den norske maritime næringa i 2011 ei verdiskaping tilsvarande 145 mrd. kroner og er den største eksportnæringa i landet etter olje- og gassnæringa.

Visjonen til regjeringa for dei maritime næringane, som blei lagd fram i strategien *Stø kurs* frå 2007, er at Noreg skal vera ein verdslende maritim nasjon.

### 4. Marine næringar

Regjeringa har som visjon at Noreg skal vera den fremste sjømatnasjonen i verda. I mars 2013 la regjeringa fram for Stortinget Meld. St. Verda sin fremste *sjømatnasjon*. I meldinga fortel regjeringa nærmare korleis Noreg skal utvikla posisjonen sin som sjømatnasjon ved å realisera potensialet for auka verdiskaping og lønnsame bedrifter i alle delar av verdikjeda sjømat.

### 5. Reiseliv - regjeringa sin strategi - Destinasjon Noreg

Regjeringa la i april 2012 fram reiselivsstrategien Destinasjon Noreg. Regjeringa si satsing på reiseliv er gjord med bakgrunn i næringa sitt potensial for vidare verdiskaping, dei naturgitte fordelane Noreg har og næringa si tyding for distrikta. I strategien vektlegg regjeringa at reiselivsnæringa må dreiest frå enkeltståande tradisjonelle reiselivsprodukt til eit samarbeid om heilskaplege opplevingsprodukt som inkluderer kultur, mat, historia, natur og aktivitetar, i tillegg til transport og overnatting. Strategien har tre overordna mål:

- Auka verdiskaping og produktivitet i reiselivsnæringa
- Fleire heilårs arbeidsplassar og meir solide bedrifter, særleg i distrikts-Noreg
- Fleire unike og gode opplevingar som tiltrekkjer seg fleire gjestar med høg betalingsvilje